

SFE NETT AS
c/o Sogn og Fjordane Energi, Bukta
6823 SANDANE

Vår dato: 29.10.2018
Vår ref.: 201104378-344
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Øistein Løvstad
22959367/oel@nve.no

132 kV Ålfoten–Deknepollen. Samtykke til oreigning

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) syner til søknad av 7. januar 2013, 17. mars 2014 og 4. april 2018 frå SFE Nett AS.

NVE har, etter ei samla vurdering, funne at dei samfunnsmessige fordelane som vert vunne ved anlegget omhandla nedanfor, utan tvil er i overvekt i høve til skader og ulemper som vert påført andre. For nærare grunningjeving for vedtaket syner NVE til notatet «Bakgrunn for vedtak» av 15. juni 2015, (ref. NVE 201104378- 263) og «Bakgrunn for vedtak» av i dag (ref. NVE 201104378-342).

Med heimel i lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959, § 2 nr. 19, og mynde gjeve ved kgl. res. 05.11.1982, gjev NVE med dette SFE Nett AS løyve til å krevje avstått i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane fylke naudsynt grunn og rettar for bygging og drift av ein ny 132 kV kraftleidning frå Ålfoten transformatorstasjon til Deknepollen transformatorstasjon. Oreigningsløyvet gjeld for strekningen frå Ålfoten transformatorstasjon til Blålid.

Løyvet gjev rett til oreigning av bruksrett for følgjande areal:

- Kraftleidningsgata. Naudsynt areal for framføring av kraftleidningen, inkludert mastefeste. Klausuleringsbeltet utgjer normalt ein om lag 29 meter brei trasé.
- Naudsynt tilkomst, ferdsel og transport. Dette gjeld mellom anna rett til tilkomst, ferdsel og transport av utstyr, materiell og menneskap på eksisterande privat veg mellom offentleg veg og leidnings-/stasjonsanlegg, i terrenget mellom offentleg eller privat veg fram til leidningsanlegga og terrengetransport i leidningstraseen. Bruksretten gjeld òg for uttransportering av tømmer som vert hogd i traseen, naudsynt transport som følgje av riving av eksisterande leidningar og uttransportering av gammalt materiell. Bruksretten gjeld òg landing med helikopter.
- Riggplassar. Rett til å etablere/byggje midlertidige riggplassar. (Bruksretten til riggplassar fell bort når anlegget er sett i drift). Rett til å bruke eksisterande riggplassar.

Kraftleidningstraseen skal i det vesentlege vere som vist med heiltrukken blå strek og lilla strek på kart i målestokk 1:10 000, datert 20.02.2018 vedlagt anleggskonsesjonen, ref. NVE 201104378-343.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE føreset at SFE Nett freistar å kome fram til minnelege ordningar grunneigarar/rettshavarar som vert råka. Det er ein føresetnad at De gjev melding til grunneigarar/rettshavarar om oreigningsløyvet, jf. forvaltningslova kap. V. Vi ber om at vedlagde orienteringsbrev med NVE si påteikning vert sendt grunneigarar og rettshavarar snarast.

Det er mogeleg å klage på avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi føretrekk elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Ei føresetnad for oreigningsløyvet er at Olje- og energidepartementet fattar edeleg konsesjonsvedtak om ein ny 132 kV kraftleidning mellom Ålfoten og Deknepollen transformatorstasjonar. For kraftleidningstraseen frå Blålid til Deknepollen transformatorstasjon gjeld oreigningsløyve av 15. juni 2015 (ref. NVE 201104378-266).

Oreigningsløyvet fell vekk dersom det ikkje er sett fram krav om skjøn innan eitt år frå endeleg vedtak, jf. oreigningslova § 16.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.